

# KLASSEKAMPEN

Ansvarlig redaktør: Bjørgulv Braanen  
 Administrerende direktør: Christian Samuelsen  
 Redaksjonsjef og featureredaktør: Mari Skurdal  
 Nyhetsjef: Kjell-Erik N. Kallset og Mimir Kristjánsson  
 Kulturredaktør: Bendik Wold  
 Utenriksredaktør: Yohan Shanmugaratnam  
 Utviklingsredaktør: Katrine Ree Holmøy  
 Utgitt av © Klassekampen AS.  
 Ettertrykk og elektronisk videre distribusjon forbudt uten etter særskilt avtale.

## Produksjon

■ Chr. Anton Smedshaug i Agri Analyse skrev i Klassekampen denne uka om omstilling av den norske økonomien som nå virker stadig fjernere. Det skapes få nye jobber, og arbeidsløsheten er stor. Statistisk sentralbyrå opererer med en ledighet på 4,9 prosent. Hvis en slår sammen alle de ulike kategoriene, er det hele 223.165 arbeidsledige i Norge, viser tall fra TV 2. Det utgjør en arbeidsledighet på 7,8 prosent. Samtidig svekkes den norske eksportverdien, til tross for fallende krone som er svært gunstig for eksportbedriftene. Handelsbalansen for Fastlands-Norge er nå over 200 milliarder kroner i minus.

■ Hvis vi ikke får opp industriinvesteringene, vil dette være starten på et fall i levestandarden, hevder Smedshaug. Det som i dag holder den norske økonomien i gang, er privatpersoners økte låneopptak, eiendomsinvesteringer og Oljefondet. Men det er ikke noe å basere økonomien på på lang sikt. I stedet for å kanalisere kapital til produksjon og nasjonal verdiskaping går den til offentlige prosjekter og eiendomsinvesteringer. Det gir ikke eksportinntekter. Samtidig flyttes arbeidsplasser målbevisst ut av landet. Selv offentlige virksomheter bidrar til outsourcing av jobber til utlandet. Norge har også store ressurser, for eksempel i skog, men foredlingen skjer utenfor landets grenser. Det gir negative ringvirkninger for sysselsetting, bosetting og næringsliv for øvrig.

■ Regjeringens hovedgrep for omstilling er å senke skattene i håp om at det skal stimulere til investeringer, jobbvekst og optimisme. Men den dynamiske skatteeffekten uteblir. Smedshaug mener i stedet at myndighetene må jobbe målrettet med hver sektor i økonomien, prioritere produksjon og sørge for at bedriftene får tilgang til kapital og statlige bidrag til industrivirksomhet. En slik plan for industri-reising og jobbvekst krever en regjering som er villig til å ta i bruk alle virkemidler i verktøykassa – ikke bare skatt. Hvis en slik plan skal kunne settes ut i livet med en gang etter stortingsvalget i høst, kreves det at partiene på rødgrønn side raskt setter seg sammen for å utarbeide en konkret tiltaksliste for norsk produksjonsliv. Det haster.

BJØRGULV BRAANEN

## Grensesetting i kaldt klima

Kalenderen

10. FEBRUAR

**Krigen var over**, og Jernteppet hadde senket seg. I Finland var protestene høyest på grunn av de nye grensene, mens Vest-Tyskland måtte endre de geografiske betraktningen i nasjonalsangen. I dag er det 70 år siden Paris-avtalen etter andre verdenskrig mellom seiersmaktene USA, Sovjet, Storbritannia, Frankrike og Tyskland, fortsatt

formelt ikke delt, ble inngått i Palais du Luxembourg.

Fredskonferansen i Paris fant sted fra 29. juli til 15. oktober 1946. De allierte forhandlet med aksemaktene, unntatt Tyskland og Japan, slik at Italia, Romania, Ungarn, Bulgaria og Finland kunne få gjenreist sin suverenitet og bli opptatt i FN. De måtte gå med på å betale krigs-erstatning, Italia måtte ut med 360 millioner dollar fordelt på Jugoslavia, Hellas, Sovjet, Albania og Etio-



Paris, 1947

pia, Finland og Romania med hver samme beløp til Sovjet og Ungarn til Sovjet, Jugoslavia og Tsjekkoslovakia.

Grensene mellom Ungarn-Slovakia, Ungarn-Romania, Sovjet-Romania og Bulgaria-Romania ble endret, mens grensene fra Vinterkrigen 1939–40 ble fryst, slik at Karelia, Petsamo og Salla forble sovjetisk. Sovjet fikk marinebase på Porkkalanmiesiemi, halvøya vest for Helsinki, og fikk aksjeandeler i finske selskap. **PMJ**

Det er påfallende lite motstand mot Ap-samarbeid med KrF.

## Svermeri i sentrum



Kjell-Erik Nordenson Kallset

FOKUS

«Jeg kan lese fra tid til annen at jeg flørter med Knut Arild Hareide», sa Jonas Gahr Støre til landsstyret i Arbeidarpartiet denne veka. «Det gjør jeg ikke. Det er mer alvorlig ment enn som så», slo han fast.

**Truskapsløftet til Støre**, og grunn-givinga for det, er interessant. Ap-leiaren brukar nemleg alvorleg i internasjonal politikk som argument for eit langvarig samarbeid mellom Ap og sentrumspartia. Den tidlegare utanriksministeren drog tysdag fram fire forhold som gjer han «bekymret»: Før det første peikte han på at stormaktene tar seg meir til rette og viste til russisk militær aggresjon og hacking. Dessutan meiner han at Kina legg press på andre land og at USA har vorte meir uføreseielege.

Før det andre la han vekt på at motsetningar aukar fordi krefter i fleire land forsøker å skape ein sivilisasjonskonflikt med islam. For det tredje meinte han at internasjonalt samarbeid er svekt, noko som har vorte tydelegare etter brexit. Og for det fjerde sa han at tradisjonelle høgreperti har gått i nye alliansar med høgrepopularistar, blant anna i USA, Storbritannia, Danmark og Sverige.

Støres poeng er at dette også er situasjonen i Norge, her vi har ei regjering med tyngdepunkt til høgre for Høgre. Ap-leiaren meiner at det også her i landet står ein kamp mellom ei styrkt høgreside og eit sosialdemokrati som må samarbeide tettare med sentrum.

«Den utstrakten hånden er uttrykk for en langsiktig overbevisning om at sosialdemokratiet og sentrum må finne sammen for å hindre at samfunnet blir preget av en sterk allianse mellom høyrepopulister og høyrefolk», sa Støre.

**Viss nokon har vore** i tvil, er det altså eit regjeringssamarbeid mellom Ap, Sp og KrF som Ap-

### «Korfor har Ap og venstresida vorte så frelste på KrF?»

toppane håpar på. Ei slik regjering vil få eit anna tyngdepunkt og vera meir høgrevridd og verdikonservativ enn den raudgrøne var. Førgjengaren til Støre, Jens Stoltenberg, hadde også eit intenst ønske om å samarbeide med KrF. Dette skapte strid i Ap i åra etter tusenårsskiftet.

Venstresida og AUF var skeptiske til å ha noko med KrF å gjera, både fordi det kunne vri den økonomiske politikken til høgre, og fordi KrF var hovudmotstandar verdispørsmål som familiepolitikk og homorettar.

**Motstanden mot KrF er framleis** til stades i delar av Ap, noko intervjuet med Fellesforbundets Jørn

Eggum i dagens avis viser. Enkelte meiner at det beste hadde vore ei rein Ap-regjering som kan samarbeide både til høgre og venstre. Andre ville mobilisert for å få Ap-fleirtal med SV og Sp.

Derfor er det påfallende at så få Ap-folk går imot tilnærminga til KrF. Interessant nok er heller ikkje SV og Raudt kritiske, men gir i staden Ap råd om kva politikk partiet må føre for å få med KrF.

**Korfor har Ap** og venstresida vorte så frelste på KrF? Ein grunn er sjølvstakt at den raudgrøne regjeringa var vellykka og at tillitsvalde på venstresida ser at Ap blir eit betre parti av å styre med andre.

KrF ligg dessutan ikkje vesentleg til høgre for Ap i økonomisk politikk, og sjølv om KrF vil lykkast med å utsette avviklinga av kontantstøtta, vil ikkje partiet klare å rokke ved homorettar og familiepolitikk. I miljø- og flyktningspolitikken vil KrF tvert om kunne gjera Ap meir radikal.

Dessutan viser det nye partiprogrammet at Støre ikkje har mål om å gå til høgre, sjølv om han ikkje vil ta skattegrep som er kraftfulle nok til å redusere ulikskap.

Det er slett ikkje sikkert at Støre klarar å få KrF til å skifte side. Men får han det til, kan det sprengje det borgarlege samarbeidet og legge grunnen for langvarig sentrum/venstre-styre. I ei uroleg verd og farleg tid er det fornuftig at Ap og venstresida bygger langsiktig og brei front mot høgrekreftene.

Kjell-Erik Nordenson Kallset  
 kallset@klassekampen.no

## NOBELKOMITEEN

AV ANDREAS IVERSEN OG ANDERS BORTNE

